

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 4. et., Fylkeshuset Bergen, Sandslihaugen 30, Sandsli
<b>Dato:</b>	27.01.2020
<b>Tid:</b>	12:00

### Program

Kl 12:00 - Saksbehandling

### Orienteringar

- Strukturen i fag- og yrkesopplæringa
- Den administrative organiseringa og plassering av oppgåver for opplæring i bedrift

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [Politisk@vlfk.no](mailto:Politisk@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemer i yrkesopplæringsnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/20	Møteplan for yrkesopplæringsnemnda og arbeidsutval	2020/35431	
RS 2/20	Orientering om arbeidet med læreplanar på vg2 og vg3 yrkesfag	2020/35431	
RS 3/20	Varsel om tap av godkjenning, opplæringskontor	2020/35431	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/20	Val av leiar og nestleiar i yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune 2020 - 23	2020/35431	
PS 2/20	Oppgåver og reglement for yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune	2020/35431	
PS 3/20	Val av arbeidsutval for yrkesopplæringsnemnda	2020/35431	

## **Godkjenningssaker**

**GK 1/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

## **Referatsaker**

**RS 1/20 Møteplan for yrkesopplæringsnemnda og arbeidsutval**

---

**Saknr:** 2020/35431-4  
**Saksbehandlar** Berit Roksvåg  
**Dato:** 21.01.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

### Møteplan for yrkesopplæringsnemnda og arbeidsutval

Framlegg til møteplan for yrkesopplæringsnemnda og arbeidsutval blir lagd fram i møtet.

---

**Saknr:** 2020/35431-2  
**Saksbehandlar** Berit Roksvåg  
**Dato:** 21.01.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

## Orientering om arbeidet med læreplanar på vg2 og vg3 yrkesfag

Kunnskapsdepartementet har sett i gang eit arbeid med å fornye læreplanverket for grunnopplæringa. Fornyinga omfattar grunnskulefaga, dei gjennomgåande faga i vidaregåande og programfaga på dei yrkesfaglege- og studieførebuande utdanningsprogramma. I tillegg vil ny overordna del erstatte generell del, og gjelde frå skulestart i 2020.

Partane i arbeidslivet skal ha påverknad på heile den yrkesfaglege opplæringa. Fagleg råd skal ha avgjerande innverknad på det faglege innhaldet i læreplanar på Vg3. Dette inneberer at utdanningsdirektoratet legg til rette for å iverksette forslag til endringar i læreplanar på Vg3. Læreplanane skal være relevante for arbeidslivet og møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Samarbeidsrådet for yrkesopplæringa (SRY) har meldt inn til utdanningsdirektoratet at dei ikkje opplevde å ha avgjerande påverknad på vg3 læreplanane. I møtet 31.10.2019 (vedlegg 1) ber rådet om ei avklaring på vidare prosess i dette arbeidet. På bakgrunn av dette gjennomførte utdanningsdirektoratet eit møte med leiar og nestleiar av SRY og fleire representantar frå LO og NHO 19. desember og eit oppfølgingsmøte 10. januar 2020.

Fylkesdirektøren ønsker å informere om at arbeidet med læreplanane på Vg2 og Vg3 er starta oppatt og at høyinga utsett til august 2020. Utdanningsdirektoratet arbeider nå med ein alternativ overordna framdriftsplan og individuelle framdriftsplanar for dei einskilde utdanningsprogramma i samarbeid med dei faglege råda. Etter planen skal læreplanane for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma vere fastsett i februar 2021.

Vedlegg: brev til Udir

Utdanningsdirektoratet  
v/direktør Hege Nilssen

Vår dato: 11.11.2019  
Deres dato: [Deres dato]  
Vår referanse: [Vår ref]  
Deres referanse: [Deres ref]

## LO og NHOs medlemmer i faglige råd legger læreplanarbeidet i bero

LO og NHO viser til møte i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY) 31.10.2019 der Utdanningsdirektoratet gjennomgikk status for arbeidet med fagfornyelsen for de yrkesfaglige utdanningsprogrammene. Bakgrunnen for saken var at LO og NHO hadde meldt inn til direktoratet at partene opplevde å ikke ha avgjørende innflytelse på Vg3-læreplanene, og at den fremlagte tidsplanen var for stram til at alle læreplanene skulle bli grundig gjennomgått. LO og NHO ba også om et møte med politisk ledelse i Kunnskapsdepartementet. I SRY-møtet ble det uttrykt oppslutning om LO og NHOs forståelse av situasjonen med læreplanarbeidet, og det ble derfor enighet om at leder og nestleder av SRY også skulle representere et samlet SRY i tillegg til egne organisasjoner.


De nye læreplanene skal være av god kvalitet, og innholdet i Vg3-læreplanene må være i tråd med arbeidslivet behov for kompetanse. Slik tidsplanen Utdanningsdirektoratet har lagt opp til, ender vi nå opp med at: 1) læreplanene ikke er av god kvalitet, 2) læreplanene ivaretar ikke arbeidslivets behov for kompetanse, 3) Vg2-læreplanene blir premissleverandør for Vg3-læreplanene, og ikke omvendt, og 4) sentralt innhold som de faglige rådene har utarbeidet for sine utdanningsprogram ikke er ivaretatt i læreplanene.

Flere av de faglige rådene har sendt brev til Utdanningsdirektoratet og bedt om en utsettelse. De har ikke mottatt svar. LO og NHO skal på vegne av hele SRY ha møte med politisk ledelse i Kunnskapsdepartementet 28. november 2019.

I påvente av en avklaring og enighet om en videre prosess om det ovennevnte i møtet med politisk ledelse i departementet, legger LO og NHOs medlemmer i de faglige rådene alt arbeid med læreplanene i bero.

Dette til orientering.

Med vennlig hilsen



Rune Foshaug  
Avdelingsdirektør, NHO



Trude Tinnlund  
LO Sekretær

---

**Saknr:** 2020/35431-3  
**Saksbehandler:** Berit Roksvåg  
**Dato:** 21.01.2020

---

---

**Til:** Yrkesopplæringsnemnda

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring og kompetanse

---

### Varsel om tap av godkjenning, opplæringskontor

Vedlagt er brev frå Rettleiingstenesta Vestland Sør om varsel om mogleg sak om tap av godkjenning som opplæringskontor.

---

Vår referanse 2020/74-5  
Dato 17.01.2020

---

FORSVARET  
Postboks 800, Postmottak  
2617 LILLEHAMMER

## Varsel om mogleg sak om tap av godkjenning som opplæringskontor

Vestland fylkeskommune ved Rettleiingstenesta Vestland sør viser til Opplæringskontoret for forsvaret (OfF) si godkjenning som opplæringskontor, og dei vilkåra som må vere til stades for å kunne vere godkjent. Vidare viser ein til tidligare sak om varsel om mogleg tilbaketrekking av godkjenning som lærebedrift i faget industriell overflatebehandling, ei sak frå 17.06.19, som vart vurdert og seinare lukka utan tap av godkjenning (dokument 2014/24149-175 av 22.08.19).

Som fylgje av nye forhold og avvik knytt til verksemda som opplæringskontor, har fylkeskommunen funne det nødvendig å vurdere å opne ny sak om mogleg tap av godkjenning som opplæringskontor.

Det går fram av forskrift til opplæringslova § 11-5 at «fylkeskommunen kan dra godkjenninga som lærebedrift attende dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava i opplæringslova eller denne forskrifta.»

Tidligare sak om mogleg tap av godkjenning som lærebedrift i faget industriell overflatebehandling vil også bli vurdert som relevant for saka ein no skal handsama og bli ein del av den heilskaplege vurderinga av OfF si godkjenning som opplæringskontor.

Dei tilhøve som vil bli vurdert er følgjande:

### Medlemsbedrifter

Fylkeskommunen må sjå på kva som er årsaka til at opplæringskontoret ikkje er godkjent som eit opplæringskontor med underliggjande medlemsbedrifter. Slik godkjenninga er per i dag, er alle lærekontraktar registrert utan å vere knytt til aktuell medlemsbedrift (arbeids- og opplæringsstad).

Aktuell lovheimel er § 4-3 Godkjenning av lærebedrift.

For at eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjend, må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret eller ringen, vere godkjende av fylkeskommunen.

### Oppfølgingssak for lærling i kontor- og administrasjonsfaget

Saka gjekk over lengre tid internt i OfF og frå sommaren 2019 vart fylkeskommunen orientert og starta oppfølging. Vår oppfølging byrja ved at OfF søkte om ein-sidig heving av kontrakten. Lærling var usamd i å heve lærekontrakten og ynskja å bli i læreforholdet for å kunne fullføre utdanninga. Ein fann ikkje grunnlag for ein-sidig heving og det blei gjort avslag på dette. Forhold avdekket i heve-saka førte etterkvart til at fylkeskommunen konstaterte brot på opplæringslova.



## Manglande opplæring

Lærlingsaka har sitt utspring frå manglande og/eller ikkje tilstrekkelig opplæring i lærefaget. Lærlingen hadde ikkje fått ein eigen plan for opplæringa og den praktiske opplæringa var ikkje føremålstenleg og tilstrekkelig for å kunne nå dei fastsette måla i læreplanen. Fylkeskommunen har motteke store mengder med saksdokumentasjon frå lærling som verifiserer forhold i saka. Ein har også motteke mykje dokumentasjon frå OfF. Fylkeskommunen opplever lærling som truverdig. Mykje av dokumentasjonen som fylkeskommunen har fått førelagt er av slik karakter at det i seg sjølv dokumenterer fakta i saka.

I saka kom det fram at avdelinga, der opplæringa gjekk føre seg, var ei avdeling under høgt press. Det vart frå ansvarlege vist til at det var forventta at lærlingen var sjølvstendig og ansvarsbevisst. Lærlingen har fortalt at hen opplevde å ikkje få den nødvendige oppfylginga, hen fekk ikkje den nødvendige faglege utviklinga og etterspurte difor oppfylging og opplæring i konkrete kompetansemål. At lærlingen etterspurde opplæring førte til utfordringar i arbeids- og læringsmiljøet i høve personar med ansvarlege roller i læreforholdet.

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at ei lærebedrift kan ta atterhald om at ein ikkje har tid nok til å gje opplæring og gje den aktuelle lærlingen eit større ansvar for eiga opplæring, for å kompensere for plikter lærebedrifta har til å gje god opplæring i lærefaget.

Lærling har påpeika at hen lærer best ved å bli sett og vurdert for det arbeidet hen utfører i arbeidskvardagen sin. Lærling var oppteken av å få opplæring hjå dei ansvarlege eller kollegaer for å kunne gjere arbeidsoppgåver i faget, og meinte at Olkweb ikkje kunne kompensere for dette. Lærlingen gav uttrykk for at det tidvis var utfordrande å dokumentere kompetansemål i Olkweb når hen hadde mangelfull opplæring og erfaring frå dei konkrete læremåla. Arbeidsstaden har påpeika at hen ikkje har arbeidd nok med opplæringsprogrammet Olkweb og har meint at det er eit brot på arbeidsavtala å ikkje gjere det. Fylkeskommunen slår fast at her var det stor avstand mellom partane si oppfatning av begrepet opplæring knytt opp mot aktiviteten i det digitale verktøyet. OfF meinte at læring ikkje hadde den faglege utviklinga som var forventta, at lærling gjorde seg skuldig i vesentlege brot på pliktene sine i arbeidsforholdet og at det var grunnlag for heving av kontrakt.

OfF har ved fleire høve undervegs vurdert dette forholdet og fann det føremålstenleg å gje åtvaringar til lærlingen. Hen fekk til saman 3 åtvaringar og i åtvaringane og i hevingsdokument vert det som grunngeving vist til at lærlingen ikkje har vist tilfredsstillande haldningar og progresjon i arbeidet. Og at lærlingen ikkje har dokumentert i Olkweb. Til saka høyrer det at ein finn dokumentasjon på at lærling og lokalt ansvarleg på arbeidsstaden har hatt ein avtale om at føring av logg i Olkweb kunne vente til årsskiftet, for at læring skulle kunne bli kjent med oppgåver og med avdelinga hen er på. Fylkeskommunen har slått fast at dette forholdet i saka ikkje er vesentleg brot på pliktene til lærling. Når det gjeld åtvaringar fann fylkeskommunen at åtvaringane byggjer på kvarandre, og at det ikkje har vore gitt god oppfylging frå OfF og lokal arbeidsstad i mellomperiodane. Fylkeskommunen vart på førehand informert om at lærling ville bli kalla inn til oppfølgingsmøte 16.08.19 og at det truleg ville bli delt ut ein tredje åtvaring og at det ville bli søkt om heving. Fylkeskommunen responderte med at ein ville vere tilstade på samtalen og at OfF plikta å gje opplæring inntil ei eventuell sak om heving var vurdert. Fylkeskommunen fekk ikkje møteinnkalling og deltok ikkje.

Ansvarlege i lærebedrifta har halde fram med å gje lærling ansvarsfulle og viktige produksjonsoppgåver, trass i at dei meinte at lærling ikkje er kompetent til å utføre desse og at ein ikkje hadde tillit til at oppgåver blei utført eller utført korrekt.

Aktuell lovheimel: § 4-4. Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.

«Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen, praksiskandidaten, kan nå måla i den fastsette læreplanen.»

«Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa for å sikre at lærlingen får ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen.»

Aktuell lovheimel: § 4-6 Endring og heving av lærekontrakt og opplæringskontrakt

«Etter samtykke frå fylkeskommunen kan kontrakten hevast av både lærebedrifta og av lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb dersom den andre parten gjer seg skyldig i vesentlege brot på pliktene sine i arbeidsforholdet.»

Lærlingen må ha gjort seg skuldig i vesentlege brot på pliktene sine i arbeidsforholdet, for at ei heving av lærekontrakt skal kunne godkjennast. Det at ein ikkje har ført ein logg vil ikkje vere eit

vesentleg brot på arbeidsforholdet. Det er heller ikkje av slik karakter at det er umogleg for lærlingen eller bedrifta å fortsetja i læreforholdet. Fylkeskommunen si oppfølging av saka har vist at ansvarlege på arbeidsstaden heller ikkje fortløpande har fylgd opp Olkweb og gjort vurdering av dei kompetansemåla som lærlingen har fullført og gjort klar til vurdering for ansvarleg. Fylkeskommunen finn det urovekkjande at OfF ikkje har sørga for at dette har blitt gjort, når ein vel å leggja stor vekt på manglande arbeid i Olkweb frå lærlingen si side.

### Arbeidstid

Slik fylkeskommunen forstår det har lærlingen hatt svært lange og krevjande arbeidsdagar/periodar i læretida, ut over fastsette timar per veke, og fylkeskommunen noterer seg at det også er tale om avvik i høve Forsvaret sine egne rutinar for maksimal arbeidstid for bestemte periodar. Lærling har uttalt at hen opplevde forskjellsbehandling samanlikna med andre meinige og lærlingar i høve til dømes fleksitid, fritid og ferie. Mellom anna har hen fortalt at hen var den einaste av 8 som ikkje fekk vinterferie. Fylkeskommunen har sett dokumentasjon på at dette forholdet blei peika på av tillitsvalte.

Lærling har vore i møte omtala som «utviklingsmøte» 01.12.19, gjennomført i tida mellom kl 1800 og kl 2230, etter å ha vore på arbeid på avdelinga frå klokka 0730 den dagen. Dei var to lærlingar som måtte delta i dette møtet, angåande deira ansvar for eit godt arbeidsmiljø. Lærlingen kjente seg forskjellsbehandla i høve den andre lærlingen som deltok i møtet. Hen fekk eit alvorlig referat hen måtte signere på og det vart også følgjekonsekvensar for arbeidskvardagen hennar etter dette utviklingsmøtet. Den andre lærlingen skal ikkje ha fått noko tilsvarande referat eller at det førte til nokon konsekvensar for hen.

Aktuell lovheimel: § 4-4. Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.

«Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Arbeids- og opplæringstida til lærlingen, skal til saman ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget.»

Aktuell lovheimel: § 4-7 internkontroll i den enkelte bedrifta

«Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift.» (Rolla er ofte kalla tilsynsrepresentant).

### Læringsmiljø

Dei tillitsvalte har hatt eige møte med leiinga der dei tok opp arbeidsmengda til lærlingen og at hen ikkje hadde det bra på arbeid. Lærling fekk ikkje ha bistand av tillitsvalte eller andre tillitspersonar under møte om åtvaringar og krevjande møter og samtalar. Det vart gjennomført møter der alle tillitsvalde var planlagt borte frå arbeidsplassen og møter vart ikkje utsett trass lærlingen sitt ynskje om bistand. Og tillitspersonar rundt lærlingen vart etterkvart nekta å hjelpe hen med utfordringane hen opplevde. Hen opplevde at hen ikkje fekk ha kontakt med dei, mellom anna med ein HR-rådgjevar og med presten. OfF har som grunngeving vist til at fylkeskommunen var rette instans til å rettleie lærlingen.

Den aktuelle lærlingen er usamd i innhaldet i fleire punkt i referata som er utarbeidd frå møter i saka. Hen har fortalt til fylkeskommunen at hen har kjent seg nøydde til å signere på referata. Hen meinte å ikkje ha hatt noko anna val enn å skrive under, fordi det kunne føre til meir ubehag dersom hen ikkje gjorde det. Hen trudde og håpa at ting ville bli betre. Etterkvart utvikla lærling redsel for å vere åleine med ansvarlige.

Fylkeskommunen opplevde gjennom oppfølgingstida at lærling blei isolert, gjort usynleg og hen blir sliten av å ha stått i ei krevjande sak i lang tid. Gjennom den pågåande oppfølgingsaka var fylkeskommunen svært bekymra for arbeidskvardagen og helsa til lærlingen. Innleiingsvis råda fylkeskommunen lærling til å møte på arbeid kvar dag, trass OfF sitt ynskje om heving. Fylkeskommunen besøkte lærling på arbeidsplassen ved fleire høve. Det viste seg etterkvart at OfF og lokal leiing tok i frå hen digitale autorisasjonar, arbeidsoppgåver og kontorarbeidsplass og det var ingen fagleg leiar som fylgde lærlingen opp i tida etter avslag på heving. Fylkeskommunen rettleia og kravde at OfF skulle fortsetja opplæringa og betra læringsmiljøet til lærlingen. Fylkeskommunen skulle bidra med eit samarbeid mellom opplæringskontoret, og fylkeskommunen der lærlingen og lærebedrifta kunne få tett oppfølging i tida framover og så lenge det var naudsynt. Føremålet med det var å få til god dialog og gode relasjonar mellom læreverksemd og lærling og at det slik ville ligge betre til rette for fullføring av opplæringa. Trass i tett oppfølging av lærling og

Off såg vi at lærlingen hadde så store påkjenningar ved å stå i læreforholdet at fylkeskommunen ved to høve kravde at lærling fekk tenestefri med lønn for ein kort periode, medan det vart arbeida med å finna eit tilbod utanfor den aktuelle arbeidsstaden. Ved siste permisjon tydeliggjorde fylkeskommunen at permisjonstida ikkje burde vere lengre enn 2-3 veker. Dette for å sikre at Off ville intensivere arbeidet med omplassering til anna arbeidsstad i Norge. Off innvilga likevel snarast 6 veker. I siste del av permisjonstida tok Off initiativ til eit møte med ein aktuell arbeidsstad i Bergen.

Det er vår vurdering at også i periodane med strakstiltak for å ivareta lærling sin integritet og helse, oppleve lærling å bli sett ovanfor ytterligere press og overbelastning som fylgje av fylkeskommunen sin bistand. Det meiner fylkeskommunen er alvorlig. Fleire forhold som vart kjent var av ein slik karakter at det låg utanfor fylkeskommunen sitt mandat å handsame. Difor varsla fylkeskommunen Arbeidstilsynet om saka.

Opplæringskontoret fekk tilstrekkelig tid på seg til å finne ny lærestad for opplæring, utan at det førte fram i rimelig tid. Fylkeskommunen fann det naudsynt å hjelpe lærlingen over i nytt læreforhold for å sørge for at lærlingen fekk fullføra utdanninga hen var begynt på. I samarbeid med Rogaland fylkeskommune vart lærekontrakt overført til ny lærebedrift i Rogaland og kontrakt med Off vart heva.

Aktuell lovheimel: § 4-4. Rettane og pliktene til lærebedrifta m.m.

«Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen, praksiskandidaten, kan nå måla i den fastsette læreplanen.»

#### Internkontrollsystem i lærebedrifta/opplæringskontoret

Ved avslag på einsidig heving av lærekontrakt forventar fylkeskommunen at opplæringskontoret gjorde pliktene sine med å gje lærlingen opplæring slik at hen kunne nå måla i den fastsette læreplanen og bli klar for fagprøve. Off meinte det var uråd å fortsetja å gje slik opplæring på den aktuelle arbeidsstaden, og då må fylkeskommunen kunne forvente at ei stor læreverksemd som Forsvaret evnar å tilby flytting til eit nytt opplæringsmiljø for ein lærling i kontor- og administrasjonsfaget. Det er vår vurdering at saka kunne latt seg løysa, dersom opplæringskontoret hadde vist meir vilje til det. Fylkeskommunen er forundra over at ein profesjonell organisasjon som Forsvaret og deira opplæringskontor let det gå lang tid der ein ikkje etterlevde dette.

Det vert også vist til tidligare sak av 17.06.19 om varsel om mogleg tilbaketrekking av godkjenning som lærebedrift i faget industriell overflatebehandling. Saka kom som fylgje av fleire forhold knytt til verksemda som lærebedrift, som fylkeskommunen såg grunn til å sjå nærare på. I saka opplevde lærlingen seksuell trakassering på arbeidsplassen. Fylkeskommunen har vedteke nulltolleranse når det gjeld mobbing og trakassering. Fylkeskommunen har som mål at alle lærlingar og lære kandidatlar skal oppleve eit trygd arbeids- og læringsmiljø, fritt for mobbing og krenkande åtferd.

Fylkeskommunen peika på forhold med internkontrollsystemet til Off, som ikkje fungerte som nødvendig for å unngå at slike saker oppsto, og stilte spørsmål ved om Off hadde rutinar som fangar opp avvikande forhold og for korleis Off handtere dei avvik som lærlingar oppleve. I sitt svar skreiv Off at lærlingkoordinator parallelt med utviklinga i den aktuelle saka hadde jobba opp mot leiinga ved lærebedrifta for å kunne betra forholda og hindra at nye saker oppstår. Det vart vidare vist til at Forsvaret har tydelige rutinar for varslingssaker, både med omsyn til korleis ein kan varsle og korleis desse skal handterast. Forsvaret uttrykte at dei har tilstrekkelig med regelverk, vilkår og rutinar for å kunne vere ein god arbeidsplass og lærebedrift. Dei viste til at dei i den aktuelle saka hadde tatt lærdom og sett i verk fleire tiltak.

Etter ei samla vurdering fann fylkeskommunen då at det ikkje låg føre forhold som tilsa at godkjenninga kunne bli trekt attende. Fylkeskommunen vurderte det slik at Off hadde teke til seg vår rettleiing i fortsettinga og hadde sett inn tiltak som ville hindre at nye alvorlige saker kom.

I ettertid har ein sett at det delvis i tida etterpå og delvis parallelt med oppfylgingssak våren 2019, kom ei ny sak, altså sak i kontor- og administrasjonsfaget, omtala i dette brevet. Som ledd i oppfylgninga og vurderinga av godkjenninga må desse sakene sjåast i samanheng. Det er fylkeskommunen si vurdering at Off ikkje erkjenner at lærlingen ikkje har fått nødvendig opplæring og/eller ikkje har fått den nødvendige oppfylgninga lærlingen skulle ha fått når hen møtte slike utfordringar i læretida. Det er vår vurdering at opplæringskontoret har lagt storparten av sin innsats

på å støtte opp om ansvarlege på arbeidsstaden, og ikkje ivareteke lærlingen sine rettar i læreforholdet. Dette trass rettleiing og etterkvart konkrete krav frå fylkeskommunen.

I begge dei omtalte sakene var det tale om varsling frå lærlingane i høve forhold som dei opplevde på arbeidsplassen. Fylkeskommunen stiller spørjeteikn ved om dei rutinane Forsvaret og OfF har for handteringa av slike varslingssaker er tilstrekkelige, og om dei er tilstrekkelig fylgd i konkrete saker der rutinane er meint for det. Forsvaret har ved ei av sakene gjennomført gransking. Fylkeskommunen let det vere opp til Arbeidstilsynet å gjere ei vurdering av systemet for dette og til den gjennomførte prosessen. Fylkeskommunen finn det aktuelt for vår saksoppfølging å stille spørsmål ved om granskingsrutinen tar i vare kontradiksjonsprinsippet, slik at ein sikrar at lærling blir høyrte og teken på alvor i varslingssaker.

I oppfølging har fylkeskommunen funne avvik i høve gjennomføring av halvårssamtalar med enkelte av lærlingsakene. Fylkeskommunen har mellom anna difor råda til at OfF deltek i minst ein av dei første to halvårssamtalane med lærlingar.

I oppfølging har fylkeskommunen funne avvik i høve ein lærling som har vore meir enn fire månader utan organisert opplæring i lærefaget. Dette grunna skipsforlis. Fylkeskommunen blei ikkje varsla om dette og ein meiner at OfF bør ha system for å raskt kunne tilby opplæring i kompetansemåla og for å melde om avbrot.

Fylkeskommunen vil viser til utsendt brev av 30.04.2019 nr 2017/5081-10 «krav om internkontrollsystem for opplæring i bedrift».

Aktuell lovheimel § 4-7 Internkontroll i den enkelte lærebedrifta

«Lærebedrifta skal ha internt kvalitetssikring, slik at lærlingen, praksisbrevkandidaten, lærekandidaten eller kandidaten for fagbrev på jobb får opplæring i samsvar med lova her og forskrifta til denne.»

Fylkeskommunen stiller spørjeteikn ved om Forsvaret har forstått det heilskaplege ansvaret opplæringskontoret har i høve lærlingar. Fylkeskommunen meiner vidare at det er grunn til å stille spørsmålsteikn ved om ein i enkelte saker blandar rollene til lærling og vernepliktig ungdom i høve korleis kvardagen deira i Forsvaret er/skal vere i læretida. Og at ein soleis ikkje sørgjer for å ivareta lærlingar sin rett til opplæring.

#### Førebels vurdering

Fylkeskommunen har med bakgrunn i dei undersøkingar som er gjort, ei førebels vurdering i saka. Vår førebels vurdering er at ut frå ei heilskapleg vurdering av dei forhold som er lagt fram, er det grunn til å starte sak om vurdering av tap av godkjenning som opplæringskontor. Det er vidare vår vurdering at dei ansvarlege i opplæringskontoret og på dei interne lærestadane ikkje erkjenner dei forhold som fylkeskommunen har teke opp og rettleia på.

Fylkeskommunen oppfattar at OfF ikkje seier seg ferdig klagesak om heving (omtala i dette brev), sjølv om grunnlaget for slik klage fall vekk då lærlingen fekk ny ekstern lærekontrakt. For å få ei objektiv vurdering av forholda i hevesaka, har vi sendt over denne saka for juridisk vurdering hjå ekstern advokatfirma.

#### Frist uttale

Fylkeskommunen ber om at Opplæringskontoret for Forsvaret uttaler seg og gir oss ei tilbakemelding på vår vurdering om å starte opp sak og tilhøva som er lagt til grunn for dette innan 3 veker frå dags dato.

Vi oppmodar dykk til å sende inn det dykk har av rutinar og prosedyrar i høve oppfølging og opplæring i bedrift for opplæringskontoret og eventuelle rutinar og prosedyrar utvikla for ansvarlege lokalt der opplæringa går føre seg.

#### Stopp i inntak av lærlingar

Vi vil informere om at opplæringskontoret ikkje har høve til å inngå lærekontraktar med nye lærlingar medan sak om tap av godkjenning er til vurdering.

**Kontakt oss**

Vi ber om at ein eventuell uttale vert sendt via e-dialog til Vestland fylkeskommune, org nr. 821 311 632. Ved sending per post er adressa: Vestland fylkeskommune, Rettleiingstenesta Vestland sør, Postboks 7900, 5020 Bergen. Merk innsendinga med Rettleiingstenesta Vestland sør, ref. nr. 2020/74-5.

Har de spørsmål, kontakt [signe.ekeland@vlfk.no](mailto:signe.ekeland@vlfk.no)

Med helsing

Ragnhild Ravna Skjærvik  
Leiar

Signe Ekeland  
Spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

**Mottakarliste**

FORSVARE Postboks 800, Postmottak 2617 LILLEHAMME  
T R

---

Saknr: 2020/35431-5  
Saksbehandlar: Berit Roksvåg

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	1/20	27.01.2020

**Val av leiar og nestleiar i yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune  
2020 - 23**

Forslag til vedtak

Yrkesopplæringsnemnda gjer slikt val av leiar og nestleiar:

1. .... vert vald som leiar av yrkesopplæringsnemnda.
2. .... vert vald som nestleiar av yrkesopplæringsnemnda.

**Samandrag**

Yrkesopplæringsnemnda skal velje leiar og nestleiar jf. oppl.ova § 12-3. tredje ledd.

Bekka Skaasheim  
ass. fylkesdirektør

Linda Farestveit  
seksjonsleiarr

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Representantane for elevane, lærlingane og lære kandidatane blir oppnemnde for to år om gongen.

Vedtakskompetanse

Yrkesopplæringsnemnda vel sjølv leiar og nestleiar for perioden, jf. opplæringslova § 12-3, tredje ledd.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ingen direkte verknad

**Klima:** Ingen direkte verknad

**Folkehelse:** Ingen direkte verknad

**Regional planstrategi:** Ingen direkte verknad

Konklusjon

Til leiar i yrkesopplæringsnemnda vert vald .....

Til nestleiar i yrkesopplæringsnemnda vert vald.....

---

Saknr: 2020/35431-1  
Saksbehandlar: Berit Roksvåg

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	2/20	27.01.2020

**Oppgaver og reglement for yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune****Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Yrkesopplæringsnemnda tek oppgaver og reglement til vitande.
2. Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse legg fram oversikt over nye godkjende lærebedrifter for yrkesopplæringsnemnda.
3. Som rådgjevande yrkesutval nyttar ein i Vestland fylkeskommune prøvenemnda i det aktuelle faget.

**Samandrag**

Saker som tidlegare kravde delegering frå yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen er endra gjennom endringar i opplæringslov med forskrift. Yrkesopplæringsnemnda sine oppgaver går fram av opplæringslova §§ 4-3, 12-3 og 12-4. Yrkesopplæringsnemnda er eit rådgjevande organ utan avgjerdsmynde. Yrkesopplæringsnemnda gjev tilråding i alle saker kor det går fram av opplæringslova at nemnda skal gje uttale og råd.

Bekka Skaasheim  
ass. fylkesdirektør

Linda Farestveit  
seksjonsleiarr

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### 1. Bakgrunn, lovgrunnlag og reglement

Saker som tidlegare kravde delegering frå yrkesopplæringsnemnda til fylkeskommunen er endra gjennom endringar i opplæringslov med forskrift.

Yrkesopplæringsnemnda sine oppgåver går fram av opplæringslova §§ 4-3, 12-3 og 12-4.

Yrkesopplæringsnemnda skal nytte prøvenemndene som yrkesutval innanfor kvart av faga/fagområda.

Yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hos og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane.

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter opplæringslova § 4-8 er pliktige til å leggje fram for nemnda. Dette gjeld mellom anna saker om:

Godkjenning av lærebedrifter jf. § 4-3 jf. forskrift til opplæringslova § 11-1

§ 11-1. *Godkjenning av lærebedrift*

Kvar enkelt bedrift som driv opplæring av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærebedriftar, må vere godkjend av fylkeskommunen, jf. opplæringslova § 4-3 første og andre ledd.

Fylkeskommunen der lærebedrifta er lokalisert, gir godkjenning for kvart enkelt fag lærebedrifta skal kunne ha lærling, praksisbrevkandidat eller lærebedrift i. Har bedrifta lokale i fleire fylkeskommunar, avgjer lokaliseringa til den aktuelle avdelinga av lærebedrifta kva for ein fylkeskommune som kan godkjenne denne.

Tap av godkjenning jf. forskrift til opplæringslova § 11-5

§ 11-5. *Tap av godkjenning*

Fylkeskommunen kan dra godkjenninga som lærebedrift attende dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava i opplæringslova eller denne forskrifta. Lærebedrifta må ha ny godkjenning dersom det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi uttale til sak om tap av godkjenning.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi uttale til fylkeskommunen sitt kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for å heve kvaliteten av heile fag- og yrkesopplæringa.

Yrkesopplæringsnemnda skal særleg:

- fremje forslag til organisering, arbeidsmåtar og strategiar for å utvikle kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere og uttale seg om rutine i fylkeskommunen for å sikre kvaliteten av fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og -sikring i fag- og yrkesopplæringa
- vurdere korleis samhandlinga mellom skolar og lærebedrifter kan betrast
- vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast

Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for best mogleg dimensjonering av den vidaregåande opplæringa, og gi fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbod. Yrkesopplæringsnemnda skal arbeide for at rådgivinga om fag- og yrkesopplæring blir best mogleg, og foreslå tiltak der ho finn det nødvendig.

Yrkesopplæringsnemnda skal gi råd om korleis utvikling av fag- og yrkesopplæringa og samhandling mellom skolar og bedrifter kan medverke til regional utvikling, mellom anna utvikling av nye verksemder og arbeidsplassar.

### 3. Arbeidsform

Yrkesopplæringsnemnda er eit rådgjevande organ utan avgjerdsmynde.

Yrkesopplæringsnemnda gjev tilråding i alle saker kor det går fram av opplæringslova at nemnda skal gje uttale og råd.

Yrkesopplæringsnemnda kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Fylkesrådmannen førebur sakene nemnda skal behandle og har sekretariatsfunksjon for nemnda.

Fylkesrådmannen har delegert sekretariatsfunksjonen til fylkesdirektør for opplæring og kompetanse.

Yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval.

Yrkesopplæringsnemnda kan delegere oppgaver til fylkesrådmannen.

#### Konklusjon

Ut frå gjeldande lovgrunnlag vil fylkesdirektøren rå til at yrkesopplæringsnemnda tek oppgaver og reglement til vitande.

Fylkesdirektøren for opplæring og kompetanse legg fram oversikt over nye godkjende lærebedrifter for yrkesopplæringsnemnda.

Som rådgjevande yrkesutval nyttar ein i Vestland fylkeskommune prøvenemnda i det aktuelle faget.

---

Saknr: 2020/35431-6  
Saksbehandlar: Berit Roksvåg

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	3/20	27.01.2020

**Val av arbeidsutval for yrkesopplæringsnemnda**

Forslag til vedtak

Til arbeidsutvalet for yrkesopplæringsnemnda gjer nemnda følgjande oppnemningar:

- .....
- .....
- .....

**Samandrag**

Yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval.

Bekka Skaasheim  
ass. fylkesdirektør

Linda Farestveit  
seksjonsleiarr

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I reglementet for yrkesopplæringsnemnda, pkt. 3 - arbeidsform heiter det:  
*«Yrkesopplæringsnemnda nemner opp eit arbeidsutval»*

Vedtakskompetanse

Yrkesopplæringsnemnda etter reglement for yrkesopplæringsnemnda pkt. 3 - arbeidsform.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Ingen direkte verknad

**Klima:** Ingen direkte verknad

**Folkehelse:** Ingen direkte verknad

**Regional planstrategi:** Ingen direkte verknad

Konklusjon

Til arbeidsutvalet for yrkesopplæringsnemnda gjorde nemnda følgjande oppnemningar:

- .....
- .....
- .....